

Notat

Dato: 30.06.2016
Arkivsak: 2016/6780-1
Saksbehandlar: ingtakl

Endringar i vallova

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sendte 17.06.2016 informasjon om endringar i vallova som trer i kraft 1. juli 2016. Det gjeld tre endringar og ein presisering:

- Elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen vert nå innført som eit permanent, frivillig tilbod til alle kommunar.
- Fristen for å godkjenne førehandsrøystar vert flytta frå valdagen kl 21 til tysdagen etter valdagen kl 17. Fristen for å søkje seg innført i manntalet vert flytta tilsvarande. Fristendringa skal sikre at flest mogleg førehandsrøyster som vert gitt innafor lova sine fristar tel med i valoppgjeret.
- Kommunestyret kan nå sjølve vedteke at det vert halde val på søndagen før valdagen; todagarsval.
- I tillegg er det gjort ein presisering av vallova sine regler for fritak for kandidatar ved fylkestings- og kommunestyreval, som understreker at kandidatane ikkje kan krevje seg fritaken etter at dei har vorte vald.

For fylkeskommunen er det endringa om godkjenning av førehandsrøystingar og presiseringa som vert aktuelle. Når det gjeld endringa om at fristen for godkjenning av førehandsrøystingar vert flytta til tysdagen etter valdagen kl 17 vil det bety at fylkesvalstyret si kontrollteljing vil byrje seinare enn vanleg, og vil såleis og vere ferdig seinare enn vanleg. Dette vert teke omsyn til ved planlegging av kontrollteljing av stortingsvalet 2017.

Vedlegg

- 1 Endringer i valgloven - brev til kommuner og fylkeskommune(1)